



"Og dei svinsar og dei svansar...." (Foto: Ola Matti Mathisen)

Juleavslutningane står i kø i bygda om dagen og onsdagen var ein spesielt travel dag for SFO og barnehagen.

Ved skulestart gjekk dei 12 'Skulekameratane' (5-åringsklassa) Lucia-opptog gjennom skulen og hausta stor fagnad.

SFO hadde grautserving i uteanlegget om føremiddagen og om ettermiddagen var det klart for barnehagens julearrangement i Aktivitetshuset. Leia av Lene Taranger på piano framførte barna det ein kan kalla ein julekompott med stort engasjement. Så var det overdådig servering, gong rundt juletret og til slutt kom nissen. Det kjem til å gå slag i slag også i dagane framover. Spaninga er ikkje minst stor framfor skulens juleavslutning måndag. Den skal gå føre seg på Dønhaug!